

# Møtereferat

**Føremål:** Samarbeidsmøte mellom PKO og Psykiatrisk klinikk  
**Møtetid:** Torsdag 26.10.23 kl. 09.00-10.00  
**Stad:** Psykiatrisk klinikk, rom 0140  
**Referent:** Marit Slettevold  
**Møteleiar:** Marit Slettevold  
**Saksnr:**

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Svein Ove Alisøy	Avdelingssjef	PSK	x
Normund Svoen	PKO	Sunnfjord og Ytre Sogn	
Anita Sørheim	PKO	Nordfjord	
Sigmund Bjørhovde	Overlege/Seksjonsleiar for behandlarar	PSK	
Kaj Espen Nyland	Ovelege/medfagleg rådgjevar	PSK	
Marit Slettevold	Seniorrådgjevar	PSK	

## AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1	Samarbeid om pasientar underlagt tvang	Sigmund Bjørhovde
2	Orientering om oppretting av FACT team i Sunnfjord og Ytre Sogn	Kjersti Erichsen
3	Orientering om ordninga med felles henvisningsmotak	
4	Innlegging ved Psykiatrisk klinikk	Anita Sørheim
5	Utskriving frå Psykiatrisk klinikk	Anita Sørheim

## REFERAT

Nr	Innhald
1	Psykiatrisk klinikk har ansvar for oppfølging av pasientar med tvangsvedtak etter lov om Psykisk helsevern, også for pasientar som bur heime. Pasientar som har vedtak om tvangsmedisinering kan

	<p>få injeksjon hos fastlege/ kommunen om dei ønsker det og det føreligger ein skriftleg avtale om det. Dette er ein frivillig avtale for kommunen og pasienten, og ein del pasientar ønsker å få depotinjeksjon lokalt framfor å måtte reise til Førde. I nokre tilfelle har avtalene vore mangelfulle eller gått ut på dato, og det har blitt uklart om det er gyldig vedtak eller avtale. Avtalene skal vere skriftlege og må oppdaterast med status på vedtak. <a href="#">Dokumentasjon av tvangsmedisinering som skjer i regi av instansar utanfor Helse Førde (helse-forde.no)</a>  <a href="#">Tvangsmedisinering som skjer i regi av instansar utanfor Helse Førde (helse-forde.no)</a>  <a href="#">Skjema for tvangsbehandling med legemiddel i medhald av phvl § 4-4 (helse-forde.no)</a></p>
2	<p>FACT team. Kjersti Erichsen informerte om arbeidet med oppstart av FACT team for Sunnfjord og ytre Sogn. FACT er Fleksibel Aktiv Oppsøkande Behandling, og tilsette frå kommune og spesialisthelsetenesta skal jobbe saman i team. Målgruppa er alvorleg psykisk sjuke med og utan rusliding, med funksjonstap slik at dei ikkje kan nytte poliklinikk tilbod. Alle dei 8 kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn er med i prosjektet. Kommunane har sjølv bestemt kven som skal delta frå deira kommune. Normund Svoen etterlyste fastlegar i gruppa, og det skal tas med vidare.</p> <p>Det gjenstår ein del arbeid og gruppa reknar med å starte opp med FACT team i 2024.</p>
3	<p>Orientering om felles henvisningsmottak.: Etter at Psykiatrisk klinikk har tatt over ansvar for å behandle primærhenvisningar til avtalespesialistane har vi behandla få søknader. Fleire har blitt avvist pga manglande rett til helsehjelp. Vi tenker det har fungert etter hensikten. Avvisningsprosenten har generelt auka, og dette har samanheng med pasient ikkje har rett til helsehjelp. Det kan td. vere pasientar som har gått lenge i behandling og ein ikkje har meir tilbod, eller vaksne med ADHD som ikkje har stor nok funksjonssvikt til å rett til helsehjelp.</p>
4	<p>Anita Sørheim tok opp problemstilling nokre legar i Gløppen har opplevd, at det er vanskeleg å få pasientar lagt inn ved akuttposten i Førde. Generelt opplever vi at det er lav terskel for innlegging på akuttposten i Førde i forhold til andre sjukehus, men er vanskeleg å vite kva som har skjedd i desse sakene. Vi oppfordrer fastleger/legevaksleger til å sende melding om uønsket hending til Psykiatrisk klinikk, ev. ta en telefon i etterkant, om ein opplever at pasientar ikkje får helsehjelpen dei treng.</p>
<b>Ymse</b>	<p>Normund Svoen informerte om at frå 01.01.24, vil PKO-tittelen gå ut og ny tittel vil vere samhandlingslege.</p> <p>Vi planlegg ny fagdag for fastlegar til våren (April 2024)</p>

#### AKSJONSPUNKT

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid	Status
1	Utskriving frå Psykiatrisk klinikk			Må tas på neste møte.